



## Møtebok for Radøy eldreråd

**Møtedato:** 10.09.2018  
**Møtested:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 13.00

Frammøtte medlemmer	Rolle
Norvald Elvik	Utvallsleiar
Magnar Klausen	Medlem
Berit Grindheim	Medlem
Torill Helland	Medlem
Laila Seilfaldet Pletten	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Rolle
Oddbjørg Dragøy	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Erstatter medlem
Karin Halland	Oddbjørg Dragøy

---

### Andre møtande:

#### Følgjande frå administrasjonen møtte:

Kommunalsjef Grete A. Herøy i sak 013, økonomisjef Sveinung Kvamme i sak 014, møtesekretær Anne Dahle Austrheim

Ordførar Jon Askeland orienterte om status og framdrift i bygginga av Alver kommune.

---

Underskrifter:

Norvald Elvik

leiar

Anne Dahle Austrheim  
møtesekretær

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
<b>012/2018</b>	Godkjenning av innkalling og saksliste
<b>013/2018</b>	Godkjenning av møtebok
<b>014/2018</b>	Meldingar og referatsaker
<b>015/2018</b>	Budsjett 2019 - innspel frå eldrerådet
<b>016/2018</b>	Områderegulering Hordabø skule og Bø barnehage - 1. gongs høyring

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
012/2018	Radøy eldreråd	PS	10.09.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Anne Dahle Austrheim	18/2115	18/12672

### Godkjenning av innkalling og saksliste

#### Saksopplysingar:

#### Framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjend.

#### Radøy eldreråd - 012/2018

#### **ELD - handsaming:**

Eldrerådet godkjenner innkalling og saksliste.

#### **ELD - vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjend.

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
013/2018	Radøy eldreråd	PS	10.09.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Anne Dahle Austrheim	18/2115	18/12550

### Godkjenning av møtebok

**Saksopplysingar:**

Møtebok vert lagt fram.

**Framlegg til vedtak:**

Møtebok vert godkjend

**Radøy eldreråd - 013/2018****ELD - handsaming:**

Eldrerådet godkjende møtebok frå forrige møte.

**ELD - vedtak:**

Møtebok vert godkjend.

**Vedlegg:**

Møtebok - Møte i Radøy eldreråd - 30.04.2018 (L)(178309)

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
014/2018	Radøy eldreråd	PS	10.09.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Anne Dahle Austrheim	18/2115	18/12609

## Meldingar og referatsaker

### Saksopplysingar:

Det vert lagt fram følgjande meldingar og referatsaker:

1. Eldredagen – arbeidsfordeling
2. Temarevisjon kommuneplanen – status og framdrift
3. Orientering om arbeidet med å byggja Alver kommune v/ordførar

### Framlegg til vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering

### Radøy eldreråd - 014/2018

#### **ELD - handsaming:**

Alver kommune: Ordførar Jon Askeland orienterte om status og framdrift i arbeidet med å bygga Alver kommune. Han kom inn på den interne organiseringa av den nye kommunen, med tre nivå. Han er godt tilfreds med den harmoniske dialogen som er i prosessen fram mot ny kommune, og sa at samarbeidsklimaet både mellom kommunane og mellom administrasjon og politisk er godt, og langt betre enn i mange andre kommunar som er under bygging.

Askeland sa seg også godt tilfreds med utkastet til kommunevåpen som no er i ferd med å ta endeleg form. Også medlemmane i eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne gav gode tilbakemeldingar på motivalet - der både bru og båt inngår.

Velferdssenteret: Kommunalsjef Grete A. Herøy orienterte om stoda på Velferdssenteret. Ho peika på at folk ønskjer å bu heime lengst mogleg, og det legg kommunen til rette for, mellom anna ved å styrka heimetenesta. Det har ført til at talet på bebuarar på sjukeheimen er kraftig redusert. Det var i 2018-budsjett lagt opp til eit belegg på 35-38 plassar på Velferdssenteret, men no er det om lag 20 bebuarar.

Kommunalsjefen orienterte om at tilsette på Velferdssenteret difor er lånt ut til heimesjukepleia og Omsut og andre einingar i helse og omsorg som treng personale. Ho rosa dei tilsette for stor fleksibilitet.

Omsorgsteknologi: Kommunalsjef Grete A. Herøy opplyste at utfordringa knytt til batterikapasitet på nye og moderne tryggleiksalarmar no ser ut til å vera retta opp frå leverandøren. Ho sa at ambisjonen er å få utplassert utstyr i løpet av hausten, i første omgang gjennom testing på nokre av brukarane.

Eldrerådet tok meldingar og referatsaker til orientering, med dei tillegg som kom fram i møtet.

**ELD - vedtak:**

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering.

**Vedlegg:**

Arbeid med delrevisjon av Kommuneplan for Radøy kommune

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
015/2018	Radøy eldreråd	PS	10.09.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	18/1479	18/12554

### Budsjett 2019 - innspel frå eldrerådet

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Arbeidet med budsjett for 2019 i Radøy kommune er i startfasen. Dette er det siste budsjettet som skal vedtakast i Radøy kommune si historie. Budsjettet for 2020 er det dei folkevalde i Alver kommune som skal godkjenna.

Det er tradisjon at eldrerådet kjem med innspel til neste års budsjett. No vert dei inviterte til å koma med sine prioriteringar før prosessen er kome skikkeleg i gang, og rådet kan på den måten vera i forkant av budsjettarbeidet.

Økonomiplanen for 2019-22 vart vedteken av kommunestyret i møte 22. juni 2018. Økonomiplanen er retningsgjevande for budsjettarbeidet for 2019.

Statsbudsjettet vert lagt fram 8. oktober, med endelege rammer for frie inntekter. Statsbudsjettet legg føringar for budsjettprosessen vidare også i kommunen.

Etter planen skal endeleg budsjettframlegg vera klart 24. oktober, og formannskapet har sitt første budsjettmøte 8. november. På formannskapet sitt møte 22. november legg formannskapet sitt budsjettframlegg ut til høyring, innan fristen på 14 dagar før kommunestyret skal gjera endeleg vedtak om 2019-budsjettet.

#### Framlegg til vedtak:

Eldrerådet kjem med følgjande innspel til budsjettet for 2019:

#### **Radøy eldreråd - 015/2018**

##### **ELD - handsaming:**

Økonomisjef Sveinung Kvamme orienterte om økonomiplan 2019-2022, som kommunestyret tidlegare i år har vedteke. Han gjorde merksam på at tala for 2020-22 er "tenkte tal". der ein ser på kva Radøy kommune ville hatt av inntekter og kostnader om me held fram som eigen kommune. Økonomisjefen sa at fellesnemnda for Alver har lagt føringar for kommunane sitt arbeid med budsjett og økonomiplan. Han peika på at det frå 2020 vil skje endringar med uviss verknad for inntektssystemet. Det gjeld mellom anna innlemming av øyremerka tilskot til ressurskrevjande brukarar, ny distriktsindeks, innlemming av øyremerka tilskot til lætarnorm, og nye kriterier og vektning knytt til tenester inann rus, psykiatri og psykisk utviklingshemma.

Økonomisjefen viste til auka kostnader mellom anna til høgare rente- og avdragsnivå, pedagog- og bemanningsnorm, og auke knytt til ressurskrevjande tenester. Han konstaterte at det vil vera trong for innsparing kvart år frå 2020, totalt om lag 23 mill. i perioden 2020-22 for å ha eit akseptabelt økonomisk resultat, noko som vil tilsvare ca 35 årsverk.

Eldrerådet kjem med følgjande innspel til budsjett for 2019:

Eldrerådet ber om at ein ser på mulegheiten til å nytta romma 151-154 på Velferdssenteret i tilknytning til Dagstova. Dette for å kunne gje eit meir individuelt og variert tilbod på dagavdelinga.

Eldrerådet etterlyser dagtilbod for ulike brukargrupper som ikkje har lovfesta rett til tilbod. *Rådet har inntrykk at det er eit udekka behov for aktivitetar på dagtid, og ber om ei kartlegging. Å sikra dagtilbod for ulike brukargrupper vil vera førebyggjande og gje stor auke i livskvaliteten jfr kommunedelplan for helse, sosial og omsorg 2018-2028.*

**ELD - vedtak:**

Eldrerådet kjem med følgjande innspel til budsjett for 2019:

Eldrerådet ber om at ein ser på mulegheiten til å nytta romma 151-154 på Velferdssenteret i tilknytning til Dagstova. Dette for å kunne gje eit meir individuelt og variert tilbod på dagavdelinga.

Eldrerådet etterlyser dagtilbod for ulike brukargrupper som ikkje har lovfesta rett til tilbod.

*Rådet har inntrykk at det er eit udekka behov for aktivitetar på dagtid, og ber om ei kartlegging. Å sikra dagtilbod for ulike brukargrupper vil vera førebyggjande og gje stor auke i livskvaliteten jfr kommunedelplan for helse, sosial og omsorg 2018-2028.*

**Vedlegg:**

Økonomiplan 2019-22 - handsaming i kommunestyret 21. juni 2018

Økonomiplan 2019-22



# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
016/2018	Radøy eldreråd	PS	10.09.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	18/2102	18/12632

### Områderegulering Hordabø skule og Bø barnehage - 1. gongs høyring

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Områderegulering for Bø skule og barnehage er lagt ut til 1. gongs høyring og offentleg ettersyn. Radøy eldreråd er invitert til å koma med uttale til planen.

Formålet med reguleringsarbeidet er å leggja til rette for ny barnehage på Bø. Den nye barnehagen skal erstatta eksisterande barnehagebygg i same område. Den gamle barnehagen skal etter planen rivast. Med i planområdet, som omfattar 52,8 dekar, er og eksisterande Hordabø skule og tidlegare Hordabøheimen, samt eksisterande bustader, vegar og grøntområde.

Formålet med reguleringa er å finna gode løysingar for plassering og utforming av bygning, samt gode uteareal for barnehagen. Samstundes skal planen sikra trafikksikker tilkomst til skule og barnehage og for mjuke trafikantar.

Planforslaget er utarbeidd av plankonsulent Forum Arkitekter AS på vegne av Radøy kommune. Planområdet har over lengre tid vore nytta til same formål. Den gamle barnehagen skal etter planen rivast. I planforslaget vert det peika på at det er ein høvesvis liten del av planområdet som er planlagt utvikla. Storleiken på planlagt ny busetnad og områda som vert berørt, er beskjeden.

Føremålet er i planen er i samsvar med kommuneplanen. Planforslaget legg til rette for ei samfunnsnyttig utbygging, i tråd med statlege retningsliner for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. Planforslaget legg og til rette for ei samfunnsøkonomisk utnytting av ressursane innanfor området med vekt på god trafikktryggleik.

Proessen med søknad om etablering av ny barnehage innanfor planområdet vil verta sett i verk så snart reguleringsplanen er godkjent.

Hovudutvalet for plan, landbruk og vedtok gjorde følgjande vedtak 13.juni 2018:

#### PLT - vedtak:

Framlegg til områdereguleringsplan for Bø skule og barnehage, planid 12602017000900, med planskildring, plankart, føresegnar og ROS-analyse mottatt 31.05.18 vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova §§ 12-10 og 12-11 på følgjande vilkår:

1. Planskildring vert omsett til nynorsk målform.
2. Det må leggjast inn påskrift på alle føremål i kartet.
3. Rådmannen får fullmakt til generell feilretting og oppstramming av føresegna. Mellom anna må følgjande rettast:

- a. Det må gå fram av pkt. 2.4.1 kva føremål som inngår i kombinasjonen.
- b. Estetikføresegna i pkt 1.1 er ikkje treffande for arealbruken og må endrast.
- c. Det må vurderast om føresegna i pkt 5.1.1 om sprenging er tenleg.
- d. Pkt LNF er ikkje eit arealføremål i planområdet og må takast ut.
- e. Pkt 5.1 følger av lov og må takast ut.
- f. Det må takast inn rekkefølgekrev knytt til parkering til barnehagen.
- g. Det må rettast i nummerering.
- h. Det må leggest inn frisisone i alle kryss i offentleg veg.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

**Radøy eldreråd - 016/2018**

**ELD - handsaming:**

Det vart sett fram følgjande framlegg til vedtak:

Eldrerådet tar Områderegulering Bø skule og barnehage til orientering.

Eldrerådet vedtok framlegg sett fram i møtet.

**ELD - vedtak:**

Eldrerådet tar Områderegulering Bø skule og barnehage til orientering.

**Vedlegg:**

Plansak 12601017000900 - Områderegulering - Bø skule og barnehage - 1. gongs hø (L)(180899)

Planskildring

Føresegner

ROS\_analyse\_Bø barnehage

Plankart